

# Vestlandsrådet

## Vedtaksprotokoll

25.10.2017

Utval:	Vestlandsrådet
Stad:	Quality Airport Hotel Stavanger, Sola
Møtedato:	25.10.2017
Møtestart:	kl. 09:15
Møtet heva:	kl. 15:40

## Deltakarar

	<u>Forfall</u>	<u>Vara</u>
<b>Rogaland fylkeskommune</b>		
Solveig Ege Tengesdal (Krf) – fylkesordfører		
Marianne Chesak (A) – fylkesvaraordfører		
Arne Bergsvåg (Sp)		
Janne Johnsen (H)		
Pål Morten Borgli (Frp)		
<b>Hordaland fylkeskommune</b>		
Pål Kårbø (Krf) – fungerande fylkesordfører		
Roald Kvamme (A) – fungerande fylkesvaraordfører		
Benthe Bondhus (Sp)		
Mona Røsvik Strømme (H)		
Roald Steinseide (Frp)	Forfall	Sigbjørn Framnes
<b>Sogn og Fjordane fylkeskommune</b>		
Jenny Følling (Sp) – fylkesordfører		
Åshild Kjelsnes (A) – fylkesvaraordfører		
Noralv Distad (H)		
Trude Brosvik (Krf)	Forfall	Ingen
Jakob Andre Sandal (Sv)		
<b>Møre og Romsdal fylkeskommune</b>		
Jon Aasen (A) – fylkesordfører		
Gunn Berit Gjerde (V) – fylkesvaraordfører		
Jan Ove Tryggestad (Sp)		
Charles Tøsse (H)	Forfall	Ingen
Frank Sve (Frp)	Forfall	Ingen
<b>Inviterte til deltaking i Vestlandsrådet sine møte:</b>		
Harald Schjelderup (A) – byrådsleiar, Bergen	Forfall	Richard Taule
Christine Sagen Helgø (H) – ordfører, Stavanger	Forfall	Ingen

## I tillegg møtte følgjande frå fylkeskommunane

- Trond Nerdal, fylkesrådmann i Rogaland
- Rune Haugsdal, fylkesrådmann i Hordaland
- Ottar Brage Guttelvik, fylkesrådmann i Møre og Romsdal
- Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane
- Randi Klæbo, medlem av Vestlandsrådet sitt sekretariat, Rogaland fylkeskommune
- Robert Løvik, medlem av Vestlandsrådet sitt sekretariat, Møre og Romsdal fylkeskommune
- Beate Bergsholm, medlem av Vestlandsrådet sitt sekretariat, Hordaland fylkeskommune
- Camilla Løvaas Stavnes, internasjonal koordinator for Vestlandsrådet
- Kristin Rundsveen, fylkesordføraren sin rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Ingvild Ramstad, informasjonssjef, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Endre Høgalmen, assisterande fylkesdirektør for næring og kultur, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Matti Torgersen, seniorrådgjevar samferdsle, Hordaland fylkeskommune
- Ole I. Gjerald, sekretariatsleiar i 2017 og møterefarent

---

## Føredrag og orienteringar

1. Nøkkeltal for næringsklynger innan marine, maritime og energinæringar i dei fire fylka. Innleiing ved Vegard Salte Flatval, forskar, Samfunnsøkonomisk analyse og Tanja Hoel, rådgjevar, NCE Seafood.
2. Fjord Noreg AS. Strategiar og satsingsområde – og tankar om cruisestrategien. Innleiing ved Kristian B. Jørgensen, administrerande direktør, og Terje Devold, styreleiar.
3. Norsk Gassforum. Erfaringar, strategiar og satsingsområde. Innleiing ved Roald Kvamme, styreleiar.
4. Tour des Fjords. Innleiing ved Roy Hegreberg, dagleg leiar.
5. Nasjonalt kontaktpunkt for Interreg, Nordsjøprogrammet. Innleiing ved Kate Clarke, seniorrådgjevar i Hordaland fylkeskommune.
6. Handlingsplan for regional cruisestrategi 2018-20. Innleiing ved Endre Høgalmen, ass. fylkesdirektør for næring i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og Trond Amland, konsulent frå selskapet 2469 Reiselivsutvikling AS.
7. Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten. Innleiing om utgreiingsarbeid ved Hilde Johanne Svendsen, prosjektleiar/forskar ved Møreforsking.

## Sakliste

Sak nr.	VR-sak
14/17	Protokoll frå Vestlandsrådet 11.05.17 i Sogndal. Jf. AU-godkjenning 15.06.
15/17	Handlingsplan for regional cruisestrategi 2018-20. Næringsgruppa innleier om planarbeidet (inntil 15 min.).
16/17	Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten. Møreforskning innleier om sitt utgreiingsarbeid fram mot 15.02.18 (inntil 15 min.).
17/17	Vestlandsfylka si samhandling med Innovasjon Noreg på det internasjonale feltet.
18/17	Prosjekt «Tiltak mot marin forsøpling».
19/17	Hydrogensatsinga: Rapportering og handlingsplan 2017–18.
20/17	Ny stortingsmelding om kultur i 2019 (kulturmeldinga). Strategi for felles innspel frå Vestlandsrådet.
21/17	Nøkkeltal for utvalde næringar i 2018.
22/17	Nasjonal transportplan: Handlingsprogram 2018–2023.
23/17	Nordsjøkommisjonen: Etablering av permanent sekretariat.
24/17	Fjord Noreg AS: Scenarioprojekt 2030 for reiselivet på Vestlandet.
25/17	Vestlandsrådet og AU sin møteplan for 2018.
26/17	Skriv og meldingar.

---

## Skriv og meldingar

1. Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU): Referat frå møte 15.06.17.
  2. Høgoppløyslege botnkart og nytt lovvedtak i Stortinget 21.06.17.
  3. Marin rekruttering og kompetanse: Oppfølging av initiativ og vedtak.
  4. Marin arealplanlegging: Orientering om status.
  5. Energisamarbeid i Nordsjøen: Orientering om status
  6. Ny strategi for Nordsjøkommisjonen post 2020: Oppstart for arbeidet.
  7. Felles innspel til CPMR/Nordsjøkommisjonen si slutterklæring.
  8. Europeiske regionar følgjer Brexit-forhandlingane.
  9. Statusrapport frå faste utval: Fast rapportering til Vestlandsrådet.
  10. Meldte saker og avtalte føredragstema til Vestlandsrådet 15.02.18.
-

## Vedtak

### **VR-sak 14/17: Protokoll frå Vestlandsrådet sitt møte 11.05.17 i Sogndal.**

#### **Vedtak:**

1. Vestlandsrådet godkjenner møteprotokollen frå møtet 11.05.17.
- 

### **VR-sak 15/17: Handlingsplan for regional cruisestrategi 2018-20.**

#### **Vedtak:**

1. Vestlandsrådet sluttar seg til utkastet til «Handlingsplan for cruisestrategi for vestlandsfylka 2018-2020» slik dette ligg føre.
2. Handlingsplanen vert lagt ut på ei høyring med høyringsfrist 02.01.2018. Etter handsaming i kvar av dei fire fylkeskommunane, vert handlingsplanen endeleg vedteken av Vestlandsrådet.
3. Vestlandsrådet presiserer følgjande justering innanfor innsatsområde miljø og klima, tiltak nr. 6, underpunkt 1, i planutkastet. Punktet får slik ordlyd:  
«Be om at anbefalingane frå Sjøfartsdirektoratet med konkrete miljøtiltak for verdsarvfjordane vert gjennomført både i heile regionen og på nasjonalt nivå».

#### **Merknad frå saksbehandlinga/debatten:**

Nytt vedtakspunkt nr. 3 vart samrøystes vedteke.

---

### **VR-sak 16/17: Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten. Møreforsking sitt utgreiingsarbeid og Vestlandsrådet sin vidare strategi.**

#### **Vedtak:**

1. Vestlandsrådet tek fylkesrådmannen si orientering om utgreiingsarbeidet som Møreforsking no har starta opp til vitande.
2. Vestlandsrådet ber om at det til første møte i 2018 vert lagt fram ein strategi for vidare påverknadsarbeid knytt til rammevilkåra for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten.

Strategien legg Møreforsking sin rapport til grunn.

---

## **VR-sak 17/17: Vestland fylke si samhandling med Innovasjon Noreg på det internasjonale feltet.**

### **Vedtak:**

1. Vestlandsrådet tek orienteringa om rådet og fylkeskommunane sitt samarbeid med Innovasjon Noreg internasjonalt til vitande.
- 

## **VR-sak 18/17: Prosjekt «Tiltak mot marin forureining».**

### **Vedtak:**

1. Vestlandsrådet tek orienteringa om arbeidet som er starta opp til vitande. Vestlandsrådet legg til grunn at prosjektet nyttar, og utviklar, spisskompetanse i dei fire fylkeskommunane innan prioriterte innsatsområde og tema som ressurs for utvikling av arbeidet mot marin forureining.
2. Vestlandsrådet ønskjer å ta ei leiande koordinatorrolle retta mot marin forureining langs vestlandskysten, og må i arbeidet utvikle målretta samarbeidsarenaer der relevante samarbeidspartar deltek. Rådet vil medverke til å setje temaet på den politiske dagsordenen nasjonalt for å sikre nødvendige prioriteringar og ressursar til arbeidet. Vestlandsrådet vil også medverke til at temaet vert følgt opp i internasjonale fora, som Nordsjøkommissjonen/CPMR.
3. Vestlandsrådet ber om at det til første møte i 2018 vert lagt fram forslag til eit prosjekt for felles tiltak mot marin forureining langs vestlandskysten. Prosjektet bør bygge på eitt eller fleire pilotprosjekt knytt til rydding i strandsone, kartlegging/rydding av sjøbotn og førebyggjande arbeid. Prosjektet skal vurdere moglegheita for finansiering frå Miljødirektoratet.
4. I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, vil Vestlandsrådet vurdere ei eiga løyving til prosjektet som då vert skissert.

### **Merknad frå saksbehandlinga/debatten:**

Siste setninga i vedtakspunkt nr. 2 vart samrøystes vedteke som eit nytt tillegg.

---

## **VR-sak 19/17: Hydrogensatsinga: Rapportering og handlingsplan 2017-18.**

### **Vedtak:**

1. Fylkeskommunane held fram samarbeidet om hydrogen som energiberar, og kjem med framlegg til ein felles hydrogenstrategi og tilhøyrande budsjettsak i første møte i Vestlandsrådet i 2018.
  2. Fylkeskommunane på Vestlandet skal delta aktivt i det nasjonale fylkesnettverket for hydrogen, og ta eit særleg ansvar innanfor område der regionen har sine fortrinn.
  3. Budsjettmidlane for hydrogensatsing i 2017 (sak 05/17) vert nytta i dei fire fylkeskommunane sitt vidare arbeid i det nasjonale fylkesnettverket for hydrogen.
-

## VR-sak 20/17: Ny stortingsmelding om kultur 2019. Strategi for felles innspel frå Vestlandsrådet.

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet ber om at det vert lagt til rette for ein prosess der dei fire fylkeskommunane, etter drøftingar i Vestlandsrådet, i fellesskap fremjar innspel til den nye kulturmeldinga.
2. Vestlandsrådet ønskjer at felles innspel til den nye stortingsmeldinga for kulturfeltet vert tema på rådet sitt første møte i 2018 gjennom føredrag/innleiing og ei eiga sak.
3. Vestlandsrådet ønskjer generelt at kulturfeltet får ein tydelegare plass på rådet sitt sakskart framover, og ser på sams innspel til den nasjonale kulturmeldinga som ein god inngang for å få fram fleire relevante problemstillingar og saker der det er klåre fellesinteresser i landsdelen.

### Merknad frå saksbehandlinga/debatten:

Vedtaks punkt 3 vart vedteke mot 5 røyster. Rogalandsbenken røysta samla imot dette.

---

## VR-sak 21/17: Nøkkeltal for utvalde næringar i 2018.

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet bestiller ein komplett leveranse av nøkkeltal for dei utvalde næringane marin, maritim og energi for rekneskapsåret 2016, med leveranse første kvartal 2018, i høve til gjeldande avtale med Samfunnsøkonomisk analyse.
  2. I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, vil Vestlandsrådet vurdere ei vidare løyving med tanke på å utvide det felles «Nøkkeltalsprosjektet» til også å inkludere reiselivsnæringa frå 2018. Vestlandsrådet ønskjer at det til første møte i 2018 ligg føre ei kostnadsrekna skisse som syner faktiske utgifter (og modellar) knytt til ei slik utviding.
-

## VR-sak 22/17: Nasjonal transportplan: Handlingsprogram 2018–2023.

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet tek til etterretning at det behov for kostnadsreduksjonar for dei store fjordkryssingsprosjekta, og avventar revidert framdriftsplan for Ferjefri E39. Det er behov for tilstrekkeleg med planleggingsmidlar for å kunne realisere prosjektet. Samstundes vil rådet peike på at det også er trong for å få ein god og samanhengande standard langs heile E39. Dette vil binde byane og distrikta langs vestlandskysten saman og redusere transportkostnadene for næringslivet.
2. Behova for skredsikring på Vestlandet er særstare, og det er trong for å prioritere meir midlar til skredsikring av vegane i dei fire fylka i åra som kjem. Vestlandsrådet ber om at det innan første rullering av NTP 2018–2029 vert utarbeidd ein nasjonal skredsikringsplan for Rv- og Fv-nettet (hhv. post 31 og post 60). Planen må ha ein fastlagd tidshorisont for når planen skal vere fullført.
3. Vestlandsrådet er nøgd med at det vert satsa på å ruste opp tunnellar, slik tunnelforskrifta legg opp til. Det er likevel store behov for opprusting av fylkesvegtunnellane i tråd med forskrifta. Vestlandsfylka har relativt sett ein stor andel av tunnelane i Norge. Derfor er det svært viktig at fylkeskommunane på Vestlandet med mange og lange tunnellar får tilstrekkelig med midlar frå staten, slik at også tunnelane på fylkesvegnettet tilfredsstiller krav til tryggleik.
4. Det er eit stort behov for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane. Vestlandsrådet ber om at regjeringa har eit særleg fokus på dette i den vidare oppfølginga av NTP.
5. Vestlandsrådet tek inndelinga av hovudvegsamband mellom aust og vest til etterretning, og avventar neste NTP for vidare satsing på desse vegsambanda. Stortinget har opna for førehands- og parallell innkrevjing av bompengar for tunellen Seljestad-Røldal når planane her er klare. Vestlandsrådet ber Statens vegvesen ha stort fokus på ferdigstilling av desse planane.
6. Vestlandsrådet er nøgd med at Stad skipstunnell er innarbeidd i NTP 2018-29, og ber om at Kystverket har stort fokus på gjennomføring av prosjektet i samsvar med framdriftsplanen.
7. Eit samla Vestland har arbeidd aktivt for ferjefri E39, og har sagt ja til store garantiansvar for å realisere dette, i første omgang ved bygging av Rogfast med start i 2018. Vestlandsrådet er svært oppteke av at gjeldande EØS-regelverk, der ein som konsesjonsmyndigheit ikkje kan nekte privat ferjedrift på same strekning, bør utfordrast. Alternativt må ein gjennomføre ei ny vurdering av finansiering og garantiansvar for prosjekta.

### Merknad frå saksbehandlinga/debatten:

Alle vedtakspunkta vart samrøystes vedtekne, med følgjande unnatak: Nytt vedtakspunkt nr. 7 vart vedteke mot 2 røyster.



## VR-sak 23/17: Nordsjøkommisjonen: Etablering av permanent sekretariat.

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet ønskjer å melde si interesse for å vere vertskap for eit permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen, anten ved at eitt fylke eller Vestlandsrådet i fellesskap søkjer om dette innan fristen 20. desember 2017.
2. Vestlandsrådet gjev fullmakt til AU for å fullføre denne søknadsprosessen.
3. Vestlandsrådet ber om at det til første møte i 2018 vert lagt fram ei eiga sak som synleggjer ein ev. søknad samt ei mogleg organisering for eit slikt sekretariat.

### Merknad frå saksbehandlinga/debatten:

Vestlandsrådet ser det som ein føresetnad at alle norske medlemsregionar/fylkeskommunar medverkar i eit spleiselag på finansieringssida. Sekretariatet får i oppgåve å klargjere dette fram mot søknadsfristen 20.12.17 (frist for å sende inn ikkje-bindande søknad/syne interesse).

---

## VR-sak 24/17: Fjord Noreg AS: Scenarioprojekt 2030 for reiselivet på Vestlandet.

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet tek den varsla søknaden frå Fjord Noreg AS om støtte til eit scenarioprojekt 2030 til vitande.
2. Vestlandsrådet ser Fjord Noreg AS som godt eigna til å leie eit slikt scenarioprojekt, som omfattar dei fire fylkeskommunane.
3. I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, vil Vestlandsrådet vurdere ei eiga løyving til Fjord Noreg AS og scenarioprojekt 2030.

### Merknad frå saksbehandlinga/debatten:

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU) får til møtet 07.12.17 i oppgåve å greie ut og drøfte om Vestlandsrådet kan gje eit tilskot (*offentleg tilskot/støtte*) til Fjord Noreg AS for å få gjennomført «Scenarioprojekt 2030», eller om det må gjennomførast ein offentlig konkurranse basert på eit gjennomarbeidd oppdrag/konkurransegrunnlag for arbeidet (*offentleg tenestekjøp/anskaffelse*).

---

## VR-sak 25/17: Vestlandsrådet og AU sin møteplan for 2018.

### Vedtak:

1. Vestlandsrådet sine møter i 2018 vert på følgjande datoar og på følgjande stader:
    - a. Torsdag 15. februar i Bergen
    - b. Torsdag 7. – fredag 8. juni i Molde (lunsj-til-lunsj-møte)
    - c. Møte torsdag 1. november i Sogndal
  
  2. AU sine møter i 2018 vert på følgjande datoar:
    - a. Torsdag 25. januar (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
    - b. Torsdag 26. april (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
    - c. Torsdag 21. juni (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
    - d. Torsdag 27. september (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
    - e. Torsdag 29. november (skype/tlf. 08:15 – 09:00)
- 

## VR-sak 26/17: Skriv og meldingar

Nr.	Dokument	Merknader
1.	Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU): Referat frå møte 15.06.17.	Ingen
2.	Høgoppløyslege botnkart og nytt lovvedtak i Stortinget 21.06.17.	Ingen
3.	Marin rekruttering og kompetanse: Oppfølging av initiativ og vedtak.	Ingen
4.	Marin arealplanlegging: Orientering om status.	Ingen
5.	Energisamarbeid i Nordsjøen: Orientering om status	Ingen
6.	Ny strategi for Nordsjøkommisjonen post 2020: Oppstart for arbeidet.	Ingen
7.	Felles innspel til CPMR/Nordsjøkommisjonen si slutterklæring.	Ingen
8.	Europeiske regionar følgjer Brexit-forhandlingane.	Ingen
9.	Statusrapport frå faste utval: Fast rapportering til Vestlandsrådet.	Ingen
10.	Meldte saker og avtalte føredragstema til Vestlandsrådet 15.02.18.	Ingen

---